




LØGN

AV SAM SHEPARD



LØ

AV SAM S

omsett av Paal H

Jake
Frankie, bror til Jake
Beth, kona til Jake
Mike, bror til Beth
Lorraine, mor til Jake
Sally, søster til Jake
Baylor, far til Beth
Meg, mor til Beth

Regi:
Scenografi:
Kostyme:
Inspisient:
Sufflør:
Rekvisitør:
Rekvisittmakarar:
Musikalsk
tilretteleggjing:

Noregspremiere på Scene 2

Musikken er, i nært samarbeid med Sam Shepard, komponert og innspela av Red Clay Ramblers til urframføringa i New York, 1985.

Jimi Hendrix: "Stars Sprangled Banner", Woodstock, 1969.

Teaterforlag: Folmer/Hansen Teaterforlag AB

Originaltittel: A Lie of the mind

«Det finst noko som bind deg til den som forlet deg – saman kunne de vende attende: Slik er di største sorg.

GN SHEPARD

Helge Haugen

Bjørn Floberg
Vidar Sandem
Marianne Krogh
Bjørn Skagestad
Henny Moan
Britt Langlie
Lasse Kolstad
Bab Christensen

Terje Mærli
Mia Runningen
Unni Walstad
Brita-Gaarder
Astrid Hellesen
Tone Osa
Kjell Jarnfelt/Alf Engh

Helge Iberg

2 laurdag 23. april 1988

Forside/Layout: POA Austdahl

Foto: Siggen Stinessen

Programredaksjon: Kirsten Broch, Terje Mærli, Anita Aubert

Sats: Garbo-Grafisk & Idé as

Trykk: Otto Falch A/S

Det finst noko som skil deg frå den som blir hos deg –
saman blir de tvinga mot oppbrot: Slik er di fattigaste
glede.

Cesar Vallejo





Frå
RASANDE/KJÆRLEIK
av Sam Shepard
i samarbeid med Joseph Chaikin

Gjendikta av Paal-Helge Haugen:

DRAPET

I den augneblinken
då vi opna augo
då vi såg kvarandre:
det var då eg drap deg

Eg såg deg ligge der
Ingen sørgde deg
Du visste det ikkje
Eg seier ikkje at du låg der død
Eg såg du tenkte på noko anna
Du kunne ikkje sjå dette
som eg hadde gjort mot deg



RASANDE


DU
som får meg til å tru vi er elskarar
DU
som lar meg få drøyme
DU
som minner meg og meg sjølv
DU
som styrer meg
DU
som er min medskyldige
DU
som ber meg lyge
DU
som får alt til å virke som om det er nå alt byrjar
DU
som lokkar meg til å tru at vi alltid skal elske kvarandre
alltid elske kvarandre



FRAVER

Du som ikkje er her
Du som er eit sagn i kroppen
hol i kroppen
gjennomhola område
som kuler, som bitar av dødsangst
flytande frå føttene
til hendene
Du som har gått bort fra den staden der du levde i meg


I staden for blod
tome årer
Kjønnnet er attlåst
Du
den tapte delen av meg
Du
som vart borte



DRAPET

I ein augneblink
mens vi var saman
det var då mordet skjedde
utan våpen
Det skjedde
då tida stod still
mellom to augneblinkar

I ein augneblink
mellom to tankar
det var då mordet skjedde
utan våpen
Eg visste ikkje heilt
kven av oss som vart drepen



FRELSE

Nå som eg er hos deg
er eg berga
frå all sorg

Nå som eg er hos deg er eg berga frå oppstykinga av meg sjølv

Nå som eg er hos deg er eg berga
frå ønsket om noko anna

Nå som eg er hos deg er eg berga
frå all annan lengsel



”The ICON of the id” heitte det om Sam Shepard i eit storoppslag på seks sider i veke-magasinet ”Time”. Kva ein nå måtte meine om det uttrykket, kan det langt på veg forklare kvifor dramatikaren er så omtykt både i USA og det id-lause England. Dei fleste som skriv – romaner, skodespel, jamvel poesi – trålar berre overflata av det dei har opplevd. Shepard ser ut til å ha lett tilgjenge til djupare lag. Valdsmenn og jegerar, galne kvinner som sit fast i eigne minne, er lik sjøormar vikla saman i ein vill og likevel formell dans, der dei alle snublar og fell. Desse vesen kjem og går i alt Shepard skriv – litt annleis kvar gong, viser litt andre horn og hovar. Han trur på dei fullt og heilt. Han har knelt for dei, tatt dei i handa og synest dei er vennlege og morosame. Han trur fast på dei private mytane sine og gjer dei lette å forstå. Han driv ikkje ut ein nervesjuka med skodespela sine. Han andar ut draumar.

Barndommen til Sam Shepard var like rotlaus og flakkande som innhaldet i eit av skodespela hans. Han blei fødd ein haustdag 1943 i Fort Sheridan, Illinois. Far hans var yrkesmillitær, og familien flytta stadig rundt til forskjellige millitærforlegningar. Da Sam var i 12-årsalderen, gav faren opp den millitære karrieren og slo seg ned på ein avsidesliggjande avocado-ranch aust for Los Angeles. Der ol Sam opp hestar, sauer og kyllingar og mishandla trommene til faren. Eigentleg ville han bli veterinær, men ”alt blir så hysterisk i familien min, så eg drog frå det heile”.

Sam flytta til Lower East Side i New York i 20 årsalderen. Der tok han namnet Shepard til etternamn og delte husvære med Charles Mingus jr. Han tok seg jobb som servitør på jazzklubbane i Village Gate, tok nokre små skodespelarroller og levde nærmest som ein beatnik – han skreiv til og med poesi i Ginsburgstil – og seinare Samuel Beckett!


”Eg las dette skodespelet,” seier han, ”og oppdaga at det likna slett ikkje på noko av det eg hadde lese tidlegare. Det var MENS VIVENTAR PÅ GODOT. Og eg tenkte: Kva er det han eigentleg snakkar om? Kva tyder dette? Og eg las med stor interesse, men eg visste ikkje kva det tydde, eg hadde eigentleg ingen referanse til teatret utanom dei få oppsetjingane eg hadde vore med i. Men på sett og vis trur eg at det var det beste for meg; for eg visste slett ingenting om korleis ein byggjer opp ei handling på scena, så den s.k. originaliteten i dei tidlege skodespela mine har si årsak i fåkunne.”


Tre kveldar i veka arbeidde han – resten av tida skreiv han skodespel. Debuten hans som dramatikar kom i 1964, med to korte skodespel på Theatre Genesis på Second Avenue: COWBOY og ROCK GARDEN.

I 1979 fekk Shepard Pulitzer-prisen for BURIED CHILD. Samtidig starta han sin filmkarriere, nærmast ved eit tilfelle, ein god venn bad han stille opp i ei lita rolle, resultatet vart ein suksess for Shepard som filmskodespelar. PARIS, TEXAS, som fekk Gullpalmen i Cannes 1984, skreiv han sjølv manus til.

Sam Shepard har til nå skrivne eit førtital skodespel og blir i dag rekna for å vere ein av dei mest epokegjerande dramatikarane i USA. LØGN (A Lie of the Mind) er det nyaste skodespelet han har skrivne. Det hadde premiere i New York 1985. Shepard sjølv sette opp.

Sam Shepard frå filmen ”Fool for love”





«Eg er i det heile ikkje interessert i amerikanske sosiale forhold. Det er dreppande keisamt! Oppløysing av familien er ikkje noko særskilt for Amerika. Det skjer over heile verda.


Men du begynner med noko personleg og ser korleis det veks og opnar seg mot noko som er mykje større. Det er det som interesserer meg. Det stemmer ikkje alltid; I blant blir det berre privat».

«Konfliktløsning er ikkje ein måte å stoppe eit stykke på – det er å kvele det».

«Eg Veit aldri korleis eit stykke skal ende. Eg vil like gjerne at det skal forsette. Men det er nødt til å seie stopp ein stad – om ikkje anna for å sleppe folk ut av teatret».

Sam Shepard

Løgn : av Sam Shepard



20g132508

COLOUR TV
MOTEL
vacancy

DET NORSKE TEATRET